



# GLOPPENMODELLEN

Ein fagutdanningsmodell

## HANDBOK



Foto: Anette Aske Sollid



Foto: Ann Iren Festervoll

## Om handboka

Dette er ei handbok til deg som jobbar med fag- og yrkesopplæring for minoritetsspråklege vaksne. Handboka er meint som eit oppslagsverk og ei praktisk innføring i korleis kommunar, bedrifter, fylkeskommuna og NAV kan jobbe med fag- og yrkesopplæring etter Gloppenmodellen.

Dersom du ynskjer meir informasjon om dei ulike stega og erfaringar med modellen oppmoda vi deg til å ta en kikk på rettleiaren for Gloppenmodellen.

**Lukke til med det viktige arbeidet du gjer!**

**ISBN: 978-82-692726-0-4**

Utgjevar: Gloppen Kommune • 2021  
Saks nummer i kommunen: 19/365




## Kva er Gloppenmodellen?

Gloppenmodellen er ein fagutdanningsmodell som har vore nytta i region Nordfjord sia 2013. Modellen er bygd opp som vekslingsmodell for strukturering av opplæringa og ein samarbeidsmodell for gjennomføringa av opplæringa. Det starta med ei helsefagklasse i Gloppen og har seinare vorte utvida til både tannhelsesekretær, plast og polymerfagarbeidar og betongfagarbeidar. Dei første fagutdanningane var på Firda vidaregåande skule. Frå hausten 2021 vil alle dei vidaregåande skulane i Nordfjord tilby opplæring i ulike fagfelt etter Gloppenmodellen. Tilboda er lyst ut i Vestland fylkeskommune, og alle må søkje via [www.vigo.no](http://www.vigo.no). Alle klassane er bygd kring same modellen sjølv om samarbeidspartneren og utdanningane er ulike. Erfaringa tilseier at det er viktig å tilpasse modellen til lokale planverk samt til den utdanninga som skal starte. Gloppenmodellen er avhengig av eit samarbeid mellom NAV, fylkeskommunen samt kommune/bedrift.

Modellen er basert på ei erkjenning om at ingen av aktørane klara å tilby ei god kvalifisering åleine, men saman har vi alle moglegheiter. Samarbeidspartane har ulike oppgåver i behovsvurdering, oppstart og gjennomføring av opplæringa.

Figur 1:

## Samarbeidspartanes roller i ulike faser





## Vekslingsmodell

Gloppenmodellen er ein vekslingsmodell som kombinerer praksis og teori. Den er godkjent som eit fulltidsstudium gjennom lånekassa, kor deltakarane får moglegheit for å søke fullt stipend. Ein av suksessfaktorane er at det er inngått avtale om praksisplass som er ein del av utdanninga dei 3 første åra, og sikra læreplass om dei oppfyller kriteria etter end opplæring i skule. Løpet er individuelt tilpassa og det er tett oppfølging frå lærar og sakshandsamar i NAV/ Flyktingtenesta.

### 3 ÅR PRAKSIS

### 2 ÅR PROGRAMFAG OG EVT. FELLESFAG

### 1 ÅR FELLESFAG

ÅR 1

Undervisning 2 eller 3 dager i veka i programfag VG1 (inkludert støttenorsk og engelsk på grunnskulenivå for dei som har behov)

YFF og praksis 2 eller 3 dagar i veka

ÅR 2

Undervisning på skule 3 dagar i veka (programfag Vg2, støttenorsk og eventuelt et fellesfag)


YFF og praksis 2 dagar i veka

ÅR 3


Un  
2 e  
(Fe

Pro  
i v

Figurane under viser fordeling mellom praksis og teori i utdanningsløpet, både for dei som yrkeskompetanse med fag-/sveinebrev og dei som får yrkeskompetanse utan fag-/sveinebrev. Dette er to løysingar som har vore prøvd ut. Det er viktig at strukturen på opplæringa på skule og bedrift er tilpassa kompetansen og krav frå bedrifter. Nokre fagutdanningar krev for eksempel HMS kurs før dei kan ut i bedrift.



Figur 2: Forslag til vekslingsmodell som gir yrkeskompetanse med fag- eller sveinebrev



Figur 3: Forslag til vekslingsmodell som gir yrkeskompetanse utan fag- eller sveinebrev

## Målgruppe

**Kriteria for uttak av personar i målgruppe er at dei er:**

- Deltakarar i introduksjonsprogrammet eller i integreringstilskot perioden med mål om utdanning i individuell plan
- Personar med rett til tiltak frå NAV
- Personar som har behov for tilpassa opplæring etter Gløppenmodellen

I Nordfjord er det frå 2021 opna for å ta inn andre søkjarar dersom det er ledige plassar etter at gruppa med hovudprioritet er tatt inn.



## Suksesskriteria

- Modellen bygger på forpliktande samarbeid mellom NAV, fylkeskommune og arbeidsgivar. Det føreligg skriftleg samarbeidsavtale.
- Oppstart av klasser blir gjort på bakgrunn av eit konkret rekrutteringsbehov i regionen
- Finansiering av nye klasser baserast på samarbeidsmodellen kor det er fleire moglege måtar å fordele kostnader på, der hovudprinsippet er at aktørane deler på kostnadene
- Det blir gjort eit grundig arbeid for å rekruttere kandidatar og sikre at desse har forståing for fagarbeidet og motivasjon og kvalifikasjonar til å gjennomføre ei fagutdanning. Rekrutteringa omfattar blant anna ei eiga kartlegging og utprøvingspraksis før søknad om skuleplass
- Alle elevane er garantert praksisplass når dei startar fagutdanninga, samt læreplass der kriteria er oppfylt
- Undervisninga blir tilrettelagt, med ei tilpassa fordeling av praksis og undervisning dei fyrste tre åra.
- Det vert lagt til rette for at deltakarane på fleire måtar kan medverke i skule og praksisplass i løpet av fagutdanninga

## Brukarmedverknad

I Gløppenmodellen har det vore lagt vekt på ulike formar for brukarmedverknad frå fyrste skuleår. Brukarmedverknad skal bidra til å skape eit best mogleg læringsmiljø, og utvikle demokratiforståing og forståing for moglegheiter for medverknad i arbeidslivet. Forslag til opplegg for brukarmedverknad:

- Deltakarmedverknad i skule: Tilpassa opplæring ut i frå kvar enkelt deltakar sitt faglege nivå og livssituasjon. Ved tilpassing og tilrettelegging må en ta omsyn til deltakar sin evne til å arbeide sjølvstendig, digital kompetanse og andre føresetnader
- Deltakarmedverknad i praksis: Deltakar vel sjølv kompetansemål etter læreplan for Vg3/ opplæring i bedrift. Praksis kan tilpassast ut frå eigen situasjon, men sluttsammen av praksis har same timetal ved avslutta læretid. Samtidig er det et bærande prinsipp i modellen at praksis gjennomførast i størst mogleg grad tidleg i

opplæringsløpet.

- Enkel spørjeundersøking tredje året på skulen: Det bør brukast enkelt språk og gradering som er lett å kjenne igjen. Resultata formidlast til lærar og praksisrettleiar og kan være eit godt hjelpemiddel for å utvikle opplæringa.



## Gloppenmodellen steg for steg

Gloppenmodellen kan gjennomførast i fem steg som tek i vare både samarbeidet og gjennomføringa av opplæringa. Stega følg fasane i samarbeidet som ligger til grunn for Gloppenmodellen: Vurdering av behov, oppstart av ny klasse, gjennomføring og brukarstyrt evaluering.

### VURDERING AV BEHOV



- Fyrste steg:  
Opprette samarbeid mellom NAV, Fylkeskommunen og arbeidsgivar

### OPPSTART AV NY KLASSE



- Andre steg:  
Infor masjon og rekruttering
- Tredje steg: Inntak

### GJENNOMFØRING



- Fjerde steg:  
Tilrettelegging undervisning
- Femte steg:  
Ansvar i arbeidstida

### BRUKARSTYRT EVALUERING



- Sjette steg: Kvalitativ og kvantitativ evaluering

## Fyrste steg:

### Opprette eit samarbeid mellom NAV, fylkeskommunen og arbeidsgivar

Det er mange aktørar på ulike forvaltningsnivå som jobbar med kvalifisering av minoritetsspråklege vaksne. I Gloppen såg en difor eit behov for å skape ei felles forståing av arbeidsmarknaden sin etterspørsel etter fagfolk, og kor viktig det er med fagutdanning for at minoritetsspråklege vaksne skal lukkast i arbeidslivet. Det å samarbeide på tvers av forvaltningsnivå er i seg sjølv ei utfordring som krev felles mål for målgruppa og ei vilje til å finne løysingar på økonomi og handtering av ulike regelverk.

### Kva må vere på plass før ein sett i gang:

- Arbeidet må forankrast på leder nivå i NAV, fylkeskommune og kommune
- Oppstart av nye klassar må basere seg på eit rekrutteringsbehov kommunalt eller regionalt, basert på NAV si marknadsanalyse og fylkeskommunens regionale kompetanse planer for kvalifisering av innvandraren
- Modellen må tilpassast lokale forhold og aktørar. Dersom fleire kommunar deltek i samarbeidet må det være ei sam køyring av plantal og rekrutteringsbehov
- Oppstart av arbeid etter denne modellen må vedtakast politisk, for å sikre politisk forankring og vilje
- få på plass ein koordinert aktivitetsplan/eit årshjul slik at alle partar veit kva som krevst og kortid.

Dersom det blir bestemt at det skal opprettast ei eller fleire klassar etter modellen må det skrivast ei samarbeidsavtale mellom NAV, fylkeskommune, kommunar og bedrift. Denne avtalen må

- Avklare fordeling av utgifter til utdanninga
- Avklare stønad til livsopphald for den enkelte
- Avklare forventningar til, og fordeling av ansvar mellom, dei ulike aktørane i ulike delar av prosessen
- opprette inntaksteam og rekrutteringsteam. Dette bør bestå av ein representant for flyktingtenesta, ein frå NAV (for eksempel frå marknadsteamet) og rettleiingstenesta som skal være skulane si stemme inn.

## Andre steg:

### Informasjon og rekruttering

- NAV og fylkeskommunen har ansvar for informasjon om tilbodet og plan for oppstart av ny kasse til aktuelle kandidatar og bransjar
- NAV, flyktingtenesta og vaksenopplæringa ser gjennom eigne lister for å finne aktuelle kandidatar
- Fylkeskommunen lyser ut utdanninga saman med andre utdanningar
- Den enkelte skule vurderer høve til fleksibilitet og løysingar når det gjeld manglande språkkunnskap
- inntaksteamet senda ut oppdatert informasjon til rettleiar/kontaktperson i NAV, Flyktingtenesta om rettar, plikter, forventning og dokumentasjonskrav. Desse orientera sine brukarar

### Inntak

- Aktuelle kandidatar bør prøvast ut i praksis i to veker (utprøvningspraksis) for å få ei forståing av arbeidskvardagen til ein fagarbeidar. Det er den enkelte sakshandsamar som er ansvarleg for å teste ut og avklare sine kandidatar. Dei bør og gje søkar eit skriv som kan lastast opp saman med søknaden i Vigo. Dette skrivet må si noko om anbefalt ikkje anbefalt prioritet, frå kven og til bakemelding frå praksis dersom det er mogleg. Sjå forslag til dokument i rettleiaren.
- Dersom praksis ikkje er mogleg, bør kandidaten ha omvising og intervju på aktuell arbeidsplass
- Aktuelle kandidatar innkallast til ein samtale med programrådgjevar/sakshandsamar for å avklare om dei har motivasjon og kvalifikasjonar til å gjennomføre utdanningsløpet. Samtalen tar utgangspunkt i tilbagemelding frå utprøvningspraksis.
- Intervju frå rettleiingstenesta (VO samtale)
- Realkompetansevurdering for dei som treng det. Dette har vore bestilt av den enkelte eller deira sakshandsamar. Dersom vedkomande er prioritert av NAV eller Flyktingtenesta har dei fått dekkja



realkompetansevurdering som ein del av avklaring mot arbeid/utdanning. Det er den lokale vaksenopplæringa som tek realkompetansevurdering (eller kjøper denne tenesta frå nabokommune)

- Det anbefalast å opprette eit inntaksteam beståande av representant frå NAV, fagleiar/leiar for Flyktningtenesta og skule/opplæring. I Nordfjord er det rettleiingstenesta som har vore skulen sin talsperson. Inntaksteamet har ansvar for å lage prioriterte lister og sende til fylkeskommunen for vedtak. Inntaksteamet vurderer kandidatar på bakgrunn av kvalifikasjonar, tilbakemelding frå utprøvningspraksis og tilbakemelding frå programrådgivar/sakshandsamar. Her er det viktig å hugse at det ikkje er vaksenrett som styrer inntaket, men prioritet fr NAV/Flyktningtenesta ut frå den enkelte sine behov

Alle har søkt gjennom [www.vigo.no](http://www.vigo.no). dette er ikkje gjennom ordinært inntak og det må difor lastast opp tilleggsdokumentasjon.

- Vitnemål frå norsk grunnskule eller tilsvarende dokumentasjon frå heimlandet, eventuelt realkompetansevurdering
- Uttale frå sakshandsamar der det går fram at dette er ein elev kommunen/NAV prioritere.
- Uttale frå praksisplass/sakshandsamar etter utprøving i praksis. Dersom praksis ikkje kan gjennomførast før inntak må dette gå fram i eige skriv

## Tredje steg:

### Tilrettelegging av undervisning

Manglande norsk kunnskapar/ ferdigheiter og engelsk grunnskule

- Forsterka norsk opplæring. "Støttenorsk," f eks. 90 min x 2/ veke dei to første åra. Ved planlegging av timane, bør en ta utgangspunkt i læreplan i grunnleggande norsk for språklege minoritetar, (NOR07-02), og knyte dette opp mot yrket dei skal utdanne seg til.
- Ved manglande engelsk grunnskule, bør en legge til rette for at deltakaren kan få tilbod om det i løpet av første

skuleåret. Ei løysing, er å auke dagar på skule frå 2-3/ veke

## Fordeling mellom praksis og undervisning

- Avdelingsleiar vaksenopplæring i samråd med fagkoordinator/ faglærarar og rektor ved kvar skule har ansvaret for dette
- Fordelinga bør vere klar i løpet av vårparten/ forsommaren, før oppstart ny klasse/ kull
- Ein del av programfag undervisninga kan og skje i praksis dersom faglærar reiser rundt på praksisbesøk. Dette er av høg anbefaling, da det er eit av suksess kriteria.

Fagkoordinator/ faglærar opprettar kontakt med kommune/bedrift/ praksisplass i starten av skuleåret (gjerne i løpet av planleggings-dagar)

- Er det fleire deltakarar frå same kommune, er det tilrådd at bedrifta har ein kontaktperson med hovudansvar for å fordele deltakarane i ulike avdelingar for å sikre oversikt og progresjon, og sender liste til skulen med oversikt over deltakarane sine praksisplassar og kven som er oppført som rettleiar
- Fagkoordinator/ faglærar avtaler dato for oppstart av praksis og sender ut generell informasjon til praksisplassar om organisering av skuleåret, samt dato for forventnings samtale mellom deltakar, lærar og praksisrettleiar, eventuelt .og leiar ved bedrifta/ avdelinga
- Før oppstart av praksis gjer fagkoordinator/ faglærar i stand praksismappe til deltakar. Denne skal ligge på praksisplassen. En kan godt sende ut same informasjon på e-post til bedrift/ avdeling eller praksisrettleiar. Ei praksismappe kan innehalde skriv som kontaktinformasjon til faglærarar, forventningar til ulike parter (sjå rettleiar kap.6.5 for meir informasjon om kva dette kan dreie seg om), retningslinjer for praksis som f eks. informasjon om oppmøte, mobilbruk og arbeidsantrekk, underskrift på teieplikt, skjema for registrering av oppmøte/ fråvær og skjema for vurdering og læring i praksis, samt evt. vedlegg til vurderingsskjema
- Lage plan for praksisoppfølging/ praksisbesøk frå lærar, og sende den ut til bedriftene





## praksis for nye deltakarar

- Faglærer har ansvar for å gå igjennom dei mest grunnleggande prosedyrane og HMS krav som er stilt, før deltakar kan starte i praksis
- En anbefala å bruke dei fire første vekene av YFF/praksis på øvingsrom i skulen for nye deltakarar. Dei som alt er i eit opplæringsløp, kan f.eks. starte frå andre veka i skuleåret.
- Før oppstart praksis, vel deltakar sjølv kompetansemål (eit frå kvart programfag, etter læreplan frå Vg3/ opplæring i bedrift), og i samråd med faglærer konkretiserer deltakar kompetansemåla i læringsmål
- Faglærer lager til deltakaren sin læreplan  
Digital undervisning som ein del av praktisk tilrettelegging (for utfyllande informasjon, sjå rettleiaren kap.7.2)
- Videomøte, for eksempel i Teams. Kople på deltakaren i starten av timen
- Oppgaverelatert arbeid i digitale plattformer, for eksempel OneNote
- Digitale vurderingssituasjonar, for eksempel med oppgåvefunksjonen i Teams, kan en gi ut prøve/ vurdering i Forms

## Fjerde steg:

### Ansvar i læretida

- Det er ein fordel at arbeidsgjevar har erfaring med ordinær fagopplæring, slik at en kan bruke delar av dei same metodane på dei som er i praksis i Gloppenmodellen
- Det er viktig med fleksibilitet i samarbeidet mellom skule og arbeidsgjevar
- Tidleg informasjon til andre tilsette om kva for situasjon praksiskandidatane/lærlingane er i (opplegget i utdanninga, at dei ikkje føl eit ordinært skuleløp og difor ikkje har all teori på plass før dei starta i praksis), og korleis dei som kollegaer kan bidra til fagutvikling og språkutvikling
- Avslutning av prosessen/læretida/overgang til varig arbeid/ oppfølging/statistikk/evaluering mellom samarbeidspartane i modellen.
- Mange bedrifter nytta opplæringskontor i denne fasen av utdanninga.

## Brukarstyrt evaluering

- Kvantitativ evaluering: Innhenting av tal og statistikk
- Kvalitativ brukarstyrt evaluering: Innhente elevane sine egne erfaringar med utdanningsmodellen i ei form som er tilpassa eleven sine behov for evalueringsform, ofte basert på ein "light" versjon av ei brukarundersøking
- Analyserte resultat presenterast og diskuterast med alle relevante partar inkludert elevar

Evalueringa vil igjen danne grunnlag for vurdering av behov for nye klassar, endringar i samarbeidet rundt oppløringa og eventuelle justeringar av praktisk og organisatorisk gjennomføring knytt til oppløringa.



## Prosjekt Gloppenmodellen

Dette har vore ei spennande reise. Det som seinare fekk namnet Gloppenmodellen starta med ei helsefagklasse på Firda vidaregåande skule hausten 2013. I løpet av de siste åra har denne fagutdanningsmodellen breidd om seg og frå hausten 2021 er det klassar ved alle dei vidaregåande skulane i Nordfjord som er lagt opp etter denne modellen.

Våren 2019 fekk ei prosjektgruppe beståande av Gloppen kommune (prosjekteigar) og bruker representant, NAV Gloppen og NAV Vestland, Firda vidaregåande skule og Vestland fylkeskommune og forskarar frå NORCE tildelt Tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) for å vidareutvikle Gloppenmodellen for drift, lage handbok, rettleiar og ein forskingsrapport.

Erfaringa dei fyrste åra var at oppstart av nye klassar, analyse av behov og elevgrunnlag var svært personavhengig. Målet med prosjektet var å gjere Gloppenmodellen meir robust og mindre personavhengig. Ein rettleiar og ei handbok vil gjere det enklare både lokalt, men og nasjonalt dersom nye klassar skal startast opp og gjennomførast etter modellen.

Det har vore eit nybrottsarbeid, og prosjektet har vore gjennomført i ei tid med store endringar og begrensningar, med både kommunesamanslåing, fylkessamanslåing, NAV regionreform, ny integreringslov, nye læreplanar, store regelendringar samt Covid-19 pandemien. Prosjektgruppa vart satt saman for å sikre at det vert utvikla ein rettleiar som er i tråd med alle etatane sitt regelverk. Det er derimot viktig å påpeike at det å tilpasse modellen til nye lovar, og nye strukturar kjem til å vere eit kontinuerleg arbeid og i tida framover.

Prosjektgruppa vil takka for oppdraget, og for moglegheita til å jobbe med dette spennande og viktige arbeidet.



## Prosjektgruppa:

### **Ann Iren Festervoll**

Prosjektleiar Gloppenmodellen

### **Anette Aske Sollid**

Lærer helsefag Firda vidaregåande skule  
samt sekretær i prosjekt Gloppenmodellen

### **Mari-Anne Sundal**

Seniorrådgjevar seksjon kvalitet i opplæringa avdeling  
opplæring og kompetanse Vestland fylkeskommune

### **Egil Aas**

Seniorrådgjevar Avdeling for tjenesteutvikling NAV fylkeskontor Vestland

### **Anita Lothe**

Rådgjevar helse og omsorg Gloppen kommune

### **Sambra Ytbarek**

Helsefagarbeidar og brukarrepresentant i prosjektet

### **Charlotte Østerbø Nilsen**

Leiar avdeling for vaksenopplæring Firda vidaregåande

### **Astrid Espegren**

Seniorforskar NORCE Norwegian Research Centre AS

### **Øyvind Hellang**

Seniorforskar NORCE Norwegian Research Centre AS

## **Styringsgruppa**

### **Gunnhild Gimmestad**

Kommunalsjef helse og velferd, Gloppen kommune - leiar for styringsgruppa

### **Rolf Årdal**

Områdeleiar for opplæring Vestland fylkeskommune

### **Frode Storvik**

Avdelingsdirektør strategi og samfunn, NAV fylkeskontor Vestland

### **Ann Iren Festervoll**

Sekretær og prosjektleiar

### **Astrid Espegren**

Seniorforskar NORCE – Norwegian Research Centre AS  
observatør med uttalerett

### **Øyvind Hellang**

Seniorforskar NORCE – Norwegian Research Centre AS  
observatør med uttalerett



GLOPPENMODELLEN

Ein fagutdanningsmodell